

Saksbehandlar: Siri Merete Nedland, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 13/721-18

## Lokal inntaks- og formidlingsforskrift

### Fylkesrådmannen rår hovudutval for opplæring til å gje slik tilråding:

1. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift vert vedteken slik den går fram i vedlegg 1
2. Lokal- inntaks- og formidlingsforskrift gjeld frå 14.10.2014, og skal nyttast frå og med inntaket og formidlinga for skuleåret 2015-2016.
3. Fylkesrådmannen har mynde til å gje utfyllande retningsliner til lokal inntaks- og formidlingsforskrift.
4. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift skal ha forskriftsstatus og skal kunngjerast i Norsk Lovtidende snarast etter vedtaket i fylkestinget
5. Som saksordførar til fylkestinget vert vald: .....

### Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift vert vedteken slik den går fram i vedlegg 1
2. Lokal- inntaks- og formidlingsforskrift gjeld frå 14.10.2014, og skal nyttast frå og med inntaket og formidlinga for skuleåret 2015-2016.
3. Fylkesrådmannen har mynde til å gje utfyllande retningsliner til lokal inntaks- og formidlingsforskrift.
4. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift skal ha forskriftsstatus og skal kunngjerast i Norsk Lovtidende snarast etter vedtaket i fylkestinget

### Vedlegg:

1. Framlegg til lokal inntaks- og formidlingsforskrift
2. Høyringsbrev frå fylkesdirektør for opplæring

Vedlegg 3-12: høyringsfråsegnene

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet fastsette 03.09.2013 nytt kapittel 6 om inntak til vidaregåande opplæring og nytt kapittel 6A om formidling til læreplass i forskrift til opplæringslova av 23.06.2006, nr. 724.

### Lovdata: Forskrift til opplæringslova

Det går fram av § 6-2 at kvar fylkeskommune skal fastsetje ei lokal forskrift om inntak, og av § 6A-2 tilsvarande for formidling. Fylkeskommunen har høve til å samle reglane i ei felles lokal forskrift for inntak og formidling.

Den lokale forskrifta skal gje utfyllande reglar, og kjem i tillegg til kap. 6 og 6A i den sentrale forskrifta. Forskrifta skal innehalde informasjon om kva utdanningsprogram og programområde som har eigne inntakskrav, t.d. musikk, dans og drama. Utfyllande informasjon om rutine som

gjeld for formidling til bedrift skal og gå fram. Reglar for inntak til landsliner og statlege vidaregåande skular skal også regulerast i lokal forskrift.

Den lokale forskrifta skal gjelde inntaket til alle dei offentlege vidaregåande skulane og formidlinga av lærlingar og lærekandidatar i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Lokal inntaks- og formidlingsforskrift erstattar tidlegare inntaksreglement, vedteke i fylkestinget 14/12 2004, i sak 52/04. Den erstattar også tidlegare politiske vedtak som regulerer inntak, t.d. spissa idrettstilbod.

Forskrifta gjeld frå inntaket og formidlinga til skuleåret 2015-2016.

## **Revisjon av sentral forskrift til opplæringslova, kap. 6**

### Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet fekk på slutten av 2012 i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å revidere reglane om inntak til vidaregåande opplæring. Oppdraget hadde bakgrunn i mange meldingar om til dels ulik forståing og praktisering i fylkeskommunane.

Hovudmålsettinga var klarare og meir brukarvennlege reglar på alle område, men med eit særskilt fokus på rettane til elevar med spesielle behov. I tillegg ønskte departementet tydelegare reglar for heiltids-/deltidelevar, inntaket til vg2 og vg3 generelt og inntaket av minoritetsspråklege søkjarar.

### Høyring

Utdanningsdirektoratet sende framlegg til endringar i sentral forskrift til opplæringslova kap.6 Inntak til vidaregåande opplæring på høyring 31.1.2013.

Hovudutval for opplæring handsama [høyringsfråsegn](#) til framlegget i sak 6/13, og slutta seg samrøystes til tilrådinga frå fylkesdirektøren.

### Endringane i sentral forskrift til opplæringslova

Det er til dels store endringar i både struktur og innhald i den sentrale reviderte forskrifta. Desse kan kort summerast opp slik:

- ansvaret for oppgåver som er knytte til inntaket er tydelegare plassert
- inntaket til vg1 er meir differensiert, mellom anna for å ivareta søkjarar med rett til spesialundervisning og minoritetsspråklege søkjarar
- reglane om tilhøvet mellom heiltids- og deltidslevar er blitt tydelegare
- reglar og vilkår for inntak til vg2 og vg3 er blitt tydelegare
- reglane for inntak av vaksne er meir utfyllande
- reglane som gjeld formidling til læreplass er flytte til nytt kapittel 6A.

## **Nærare om framlegget til lokal inntaks- og formidlingsforskrift**

### Generelt

Framlegget til lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Sogn og Fjordane fylkeskommune er tilpassa opplæringslova med forskrifter.

Lokal forskrift er utarbeidd i samsvar med krava i forvaltningslova kapittel 7. Det inneber at det er krav til utgreiing, høyring og kunngjering.

Forskrifta er eit samarbeidsprosjekt med fylkeskommunane i sørvest-samarbeidet (Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane), med naudsynte lokale tilpassingar.

Den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta omhandlar berre dei områda i sentral forskrift der Sogn og Fjordane fylkeskommune har utfyllande reglar. Det betyr at lokal forskrift ikkje er uttømmmande, men må brukast parallelt med den sentrale forskrifta. Dette gjeld t.d. reglane som omhandlar vaksne sine rettar.

### Endringar i høve tidlegare reglar og praksis

På nokre område medfører framlegget til lokal inntaks- og formidlingsforskrift endra/nye rutinar.

Desse er:

- **§ 6 Inntak på grunnlag av prestasjonar i idrett**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ordningar for inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett.

Søklarar til desse ordningane må sende søknadsskjema med vedleggsskjema og dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane.

Sogn og Fjordane idrettskrins prioriterer mellom søkjarane.

Søklarar som vert prioriterte får 3 tilleggspoeng. Desse kjem i tillegg til konkurransepoenga.

Kommentar: Til no har desse søkjarane fått reservert plass i inntaket. Frå og med inntaket til skuleåret 2015-2016 får dei i staden 3 tilleggspoeng til karakterpoenga, og må konkurrere om inntak på samla poengsum.

- **§ 12 Endra status frå fulltidselev til deltidselev**

Fylkesrådmannen avgjer om søknad om å endre status frå fulltidselev til deltidselev skal godkjennast.

Søknad kan berre godkjennast når det ligg føre tungtvegande og dokumenterte årsaker.

Kommentar: Til no har elevane berre gitt melding om overgang frå fulltidselev til deltidselev. Frå og med skuleåret 2015-2016 skal det søkjast om slik endring av elevstatus.

- **§ 15 Flytting**

For å kome med i inntaket til vidaregåande skule i Sogn og Fjordane må flytting vere meldt til folkeregisteret innan 1. mars.

Søklarar som flyttar til Sogn og Fjordane etter 1. mars, kan takast med i inntaket dersom det ligg føre særlege årsaker.

Søklarar som flyttar til Sogn og Fjordane saman med familien sin kjem inn under omgrepet særlege årsaker. Søknader med dokumentasjon må sendast til Sogn og Fjordane fylkeskommune innan 23.06.

Kommentar: Til no har fristen for å melde flytting til folkeregisteret vore 1.juli i Sogn og Fjordane. Fristen er flytta til 1.mars for å samkøyre sakshandsaminga med dei andre fylkeskommunane, som lenge har hatt denne fristen.

- **§ 20 Formidling**

Alle søklarar vert formidla til lærebedrifter når søknadsfristen har gått ut. Etter 1. august vert søklarar som ikkje har ungdomsrett og søklarar med ungdomsrett som ikkje er kvalifiserte bli tekne ut av formidlingslistene.

Søklarane må ha bestått i alle fag frå vg1 og vg2 med unntak av inntil to fellesfag for å vere kvalifiserte.

Søklarar med ungdomsrett som er kvalifiserte, men som ikkje har fått tilbod om læreplass innan 15. august, skal få tilbod om vg3 i skule innan 15. september.

Kommentar: Til første ledd: Fristen 1.august for å ta søklarar utan ungdomsrett og ikkje-kvalifiserte søklarar ut av formidlingslista er ny. Ikkje-kvalifiserte søklarar vil etter denne fristen få tilbod om ulike kvalifiseringstiltak.

- **§ 21 Bruk av retten til vidaregåande opplæring**

Som hovudregel (2+2modellen) har ikkje lærlingar og lærekandidatar brukt av retten sin dersom dei sluttar innan 6 månader etter at lærekontrakt/opplæringskontrakt er inngått.

Etter 6 månader opplæring i bedrift har lærlingen/lærekandidaten bruk av retten sin. Desse 6 månadene treng ikkje vere samanhengande i ei lærebedrift.

Ved andre modellar i fagopplæringa skal læretida reknast ut individuelt.

Fylkesrådmannen avgjer når retten er brukt opp etter dei ulike modellane for fagopplæring. Lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov kan i særskilde tilfelle bruke lenger tid på opplæringa. Dette krev sakkunnig vurdering frå pedagogisk-psykologisk teneste.

Fylkesrådmannen gjer vedtak om dette.

Kommentar: Det andre avsnittet er nytt, og er ei presisering av når lærlingen/lærekandidaten har brukt av retten sin.

## Høyring

Framlegget til lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Sogn og Fjordane fylkeskommune vart sendt på høyring 23.06.2014. Høyringsbrevet, inkludert framlegg til forskrift, som og viser høyringsinstansane, følgjer saka som vedlegg 2.

Det kom til saman 10 høyringsfråsegner. Desse er:

1. Mo og Jølster vidaregåande skule: Ingen merknader til framlegget
2. Firda vidaregåande skule: Ingen merknader til framlegget
3. Flora vidaregåande skule: Spørsmål og merknader knytte til tolking og presisering av ulike paragrafar i framlegget
4. Dale vidaregåande skule: Spørsmål og merknader knytte til tolking og presisering av ulike paragrafar i framlegget
5. Måløy vidaregåande skule: Spørsmål og merknader knytte til tolking og presisering av ulike paragrafar i framlegget
6. Sogndal vidaregåande skule: Spørsmål og merknader knytte til tolking og presisering av ulike paragrafar i framlegget
7. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Ingen merknader
8. Gaular kommune: Ingen merknader
9. Opplæringskontoret for elektrofag Sogn og Fjordane (OFEL): Innspel til endra ordlyd i §19.
10. Opplæringskontoret for byggfag i Sogn og Fjordane (Byggopp): Stør innspelet frå OFEL

Fråsegnene følgjer som vedlegg til saka.

#### Fylkesrådmannen si vurdering av fråsegnene:

Fylkesrådmannen har på bakgrunn av fråsegna frå Måløy vidaregåande skule presisert ordlyden i § 7. Vidare har fylkesrådmannen på bakgrunn av fråsegnene frå Opplæringskontoret for elektrofag og Opplæringskontoret for byggfag gjort endringar i § 19.

Etter fylkesrådmannen si vurdering kan innspela i dei andre fråsegnene takast i vare i dei planlagde søkjar- og rutinehandbøkene.

#### **Økonomiske konsekvensar**

Etter fylkesrådmannen si vurdering kan lokal inntaks- og formidlingsforskrift ha økonomiske konsekvensar, men det er førebels for tidleg å seie noko om storleiken. Dette gjeld t.d. behovet for kvalifiseringstiltak og omfanget av vg3 i skule.

#### **Vurdering og konklusjon**

Lokal forskrift inneheld dei reglane som sentral forskrift fastset at skal vere med.

Det er fylkesrådmannen si vurdering at den sentrale forskrifta regulerer inntaket og formidlinga til vidaregåande opplæring på ein god måte. Det er difor ikkje naudsynt med fleire lokale presiseringar i lokal inntaks- og formidlingsforskrift enn det som går fram av vedlegg 1.

Fylkesrådmannen har gjort nokre endringar i §§ 7, 19 og 20 etter høyringa. Desse er merkte med raud skrift i vedlegg 1.

Det skal utarbeidast ei søkjarhandbok med informasjon om rutinar og regelverk. Handboka skal vere klar til inntaket og formidlinga til skuleåret 2015-2016.

Det skal også parallelt utarbeidast ei rutinehandbok for sakshandsamarar, som del av kvalitets-systemet for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen ser det som formålstenleg at det kan gjerast mindre endringar i lokal forskrift utan å måtte leggje det fram for fylkestinget kvar gang. Det er difor foreslått i § 22 at fylkesrådmannen får mynde til å gjere mindre endringar i lokal forskrift.

Vidare er det foreslått i § 23 at fylkesrådmannen får mynde til å delegere ansvar i forskrifta.

Fylkesrådmannen rår til at lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Sogn og Fjordane fylkeskommunen vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1.

